

## Skildring av rutine for ajourhald av AR5: kontinuerleg forvaltning, drift og vedlikehald

### Bakgrunn

AR5 står for arealressurskart i målestokk 1:5 000. Datasettet bygger på AR5 klassifikasjonssystem, og gjev ei inndeling av landarealet i flater som har eit sett av verdiar for eigenskapane arealtype, skogbonitet, treslag og grunnforhold. AR5 er basert på markslag i økonomisk kartverk (ØK), som vart kartlagt i tidsrommet 1960-1990. Fyrste versjon av AR5-datasettet vart avleia frå digitalt markslagskart (DMK) i 2008. I dag er AR5 eit Geovekst-datasett som inngår i Felles KartdataBase (FKB).

AR5 er grunnlag for kontroll av arealbaserte tilskot i jordbruket, og dekker behov innan arealplanlegging, landbruksforvaltning, landbruksproduksjon og lovforvaltning. AR5 er ein del av det offentlege kartgrunnlaget (DOK), og eit sentralt grunnlag for gårdskart og jordregister. For å sikre god kvalitet på karta, er det viktig med gode rutinar for kontinuerleg ajourføring.

### Periodisk ajourhald

Når det er avtalt ajourhald og Geovekst-avtalen er signert, utfører NIBIO eit periodisk ajourhald av AR5-datasettet. Ønske om periodisk ajourhald skal meldast inn i Geodataplanen i det enkelte fylke, ofte etter initiativ frå kommunen og Landbruksparten i Geovekst. For å gjere periodisk ajourføring trengs det nye flybilder, helst heildekkande. Ein tilrår at det ikkje går meir enn 5-8 år mellom kvart periodiske ajourhald.

- **Les meir om kva NIBIO gjer ved eit periodisk ajourhald:**  
<https://www.nibio.no/tema/jord/arealressurser/arealressurskart-ar5/periodisk-ajourhald>
- **Geodataplanen for XX fylke: [lenke til planen](#)**  
Under pkt. 2.2 i [Håndbok for Geovekst-samarbeidet](#) er alle geodataplanar lenka opp.

### Kontinuerleg vedlikehald – kommunen sitt ansvar

Kommunane har ansvar for kontinuerleg ajourhald av AR5-kartet, og det skal omfatte alle typar endringar av markslaget som kommunen får kjennskap til gjennom sine forvaltningsoppgåver. Ansvar for ajourhald er regulert i FDV-avtalen som er signert av kvar kommune. FDV-avtalen skal sikre at dei ulike datasetta vert forvalta på kommunalt nivå.

### Mangelfullt kontinuerleg ajourhald fører til trekk FDV-godtgjeringa til kommunen

Ajourhald av AR5 vert rekna som kommunen sin eigeninnsats i kostnadsdelinga mellom partane i Geovekst. Mangelfullt ajourhald vil føre til trekk i FDV-godtgjeringa som kommunen får frå dei andre Geovekst-partane for ajourhald av FKB-datasetta. Som eit mål på ajourhald av AR5 sender Kartverket ut kvartalsvise rapportar som viser nye bygg på areal som er registrert som jordbruksareal i AR5. Deretter har kommunen ca. 2 veker på å sjekke og eventuelt rette. Avvika kan skuldast feil i bygningskoordinatar, bygningstype/status i matrikkelen eller det kan vere behov for å oppdatere AR5. Nye bygg som er under minsteareal for AR5-flater kan ein sjå bort i frå.

Les meir om reduksjonsfaktorar for bygg og AR5 under pkt. 3.6.1.3 i [Håndbok for Geovekst-samarbeidet](#).

### Rutinar: Situasjonar som krev ajourhald

Kontinuerleg ajourhald skal omfatte alle typar endringar av markslaget som kommunen generelt og landbruksforvaltninga spesielt, får kjennskap til. Sidan AR5 er brukt som grunnlag for kontroll i forvaltning av arealtilskot i jordbruket, bør ein prioritere ajourhald som omhandlar jordbruksareal.

Fordeling av oppgåver mellom landbruksetat og geodataetat, samt type programvare som kommunen bruker, vil ha innverknad på korleis rutineane bør leggest opp. Roller og ansvar for dei ulike oppgåvene knytt til kontinuerleg ajourhald må vere avklart mellom etatane i kommunen. Tabellen under kan brukast som eit utgangspunkt for å skildre rutinar, roller og ansvar.

### Hovudprinsipp for kontinuerleg ajourføring:

- At AR5 er fullstendig og raskt oppdatert er viktigare enn at grensene er nøyaktig registrert.
- Endringar knytt til jordbruksareala er prioritert.
- Alle endringar skal merkast med dato, kvalitet og opphav. Denne informasjonen er viktig som grunnlag ved periodisk ajourhald og eventuell annan systematisk gjennomgang av datasettet.

Skildringane går ikkje i detalj på registreringsmetodar, men det vert vist vidare til nettsider med meir informasjon og detaljert rettleiingsmateriell.

### Rutinar for ajourhald av AR5 i XXXX kommune:

<b>Føremål:</b>	Oppdatering av AR5 gjennom kontinuerleg ajourhald.
<b>Ansvar:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ansvarleg som har signert FDV-avtalen for kommunen: XXXX</li><li>• Ansvarleg på landbruksetaten i XXXX</li><li>• Ansvarleg på geodataetaten i XXXX</li><li>• Ansvarleg endringar frå andre etatar: XXXX</li></ul> <p>Skildring av rammene for ajourføring av AR5 i din kommune:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Er samarbeidet formalisert mellom desse etatane på nokon måte?</li><li>• Samarbeid mellom fleire kommunar, mm.?</li></ul>
<b>Referanse:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• <a href="#">AR5 klassifikaasjonssystem</a>. Klassifikaasjon av arealressursar /Rapport frå NIBIO). <a href="#">Sjå under «Publikasjonar» på sida Klassifikaasjonssystem AR5</a></li><li>• <a href="#">Diverse hjelpemiddel for klassifisering i felt</a></li><li>• <a href="#">Kokebøker og anna materiell for ajourhald av AR5 i forskjellig programvare</a></li><li>• Gjeldande SOSI-standard, produktspesifikaasjon for FKB – AR5</li><li>• Krav i lov/forskrift</li></ul>



XXXX  
Ansvarleg i  
landbruksetaten

## 2 Synfaring i felt

Ta med *manuskart* ut på synfaringa. Skriv ut eige kart som grunnlag for manus frå kommunen sitt kartverktøy.

Alternativt kan ein skrive ut manuskart frå Kilden. Velg: Markslagskart (AR5) – For forvaltninga – Manuskart (AR5), i kartlagslista på venstre side.

Husk at AR5 skal vise arealtilstand, ikkje bruk. Kartet skal berre oppdaterast når arealtilstanden er endra.

For *klassifisering av innmarksbeite*, er det utarbeida diverse materiell som kan vere nyttig.

Kommunen sitt eige kartverktøy

[Kilden](#)

[AR5](#)

[Klassifikasjonssystem](#)

[Diverse hjelpemiddel for klassifisering i felt,](#)

sjå til venstre på sida for AR5 feltkurs.

XXXX  
Ansvarleg i  
landbruksetaten

## 3 Utarbeide manuskart

Målet med manuskart er å dokumentere det som er gjort av markslagsfaglege vurderingar i felt, slik at registreringane kan leggest inn i kartet uten at det er tvil om kva som vart fastsett i felt.

Manuskartet skal i tillegg dokumentere metadata som informasjon om dato, kvalitet og opphav.

Manuskart vert også brukt som dokumentasjon for endringar som er gjort uten at ein har vore på synfaring.

### Rutinar for lagring av manuskart

Manuskart kan vere viktig dersom det i ettertid vert stilt spørsmål ved klassifiseringa i felt. **Skriv korleis manuskart vert arkivert i din kommune.**

[Veileder for manuskart for AR5,](#) sjå nedst på sida for Kontinuerleg ajourhald.

<p>XXXX Ansvarleg i geodataetaten</p>	<p><b>4 Oppdatere AR5</b></p> <p>Dei aller fleste kommunar oppdaterer AR5 direkte i sentral base for FKB-data (SFKB). Nokon få oppdaterer AR5 i en lokal base som ein eller fleire gongar i året vert sendt til Fylkeskartkontora/NIBIO for oppdatering av SFKB.</p> <p><b>Ved oppdatering i SFKB</b> kan kommunen oppdatere AR5 «kontinuerleg» utan stopp. Det er berre når NIBIO har periodisk ajourhald at kommunen ikkje kan oppdatere.</p> <p><b>Avklaring internt i kommunen:</b> Rutinane er avhengig av korleis kommunen har organisert arbeidet og kva etat som har ansvar for oppdateringa. Det er viktig at ansvaret er avklart. Nokon kommunar har formalisert dette i eigen vedlikehaldsavtale mellom etatane i kommunen.</p> <p><b>4a Oppdatere AR5-basen: Geodataetaten har ansvaret</b></p> <p>Endringar meldt inn frå landbruksetaten vert lagt inn i AR5-basen. Det bør følge med eit manuskart, inkludert nødvendig informasjon for metadata.</p> <p>Ajourhaldet skjer i samsvar med gjeldande FKB-AR5 produktspesifikasjon og er skildra detaljert i egne kokebøker.</p>	<p><a href="#">AR5</a> <a href="#">Klassifikasjonssystem</a> <a href="#">Klassifisering av inmarksbeite</a>, sjå til venstre på sida for AR5 feltkurs.  <a href="#">Kokebøker og materiell for kontinuerleg ajourhald</a></p>
---------------------------------------	--	---

<p>XXXXXX Ansvarleg i landbruksetaten</p>	<p><b>4b</b></p>	<p><b>Oppdatere AR5-basen: Landbruksetaten har ansvaret</b></p> <p>Endringar vert lagt inn i AR5-basen. <i>NB:</i> NIBIO har utvikla nettløysninga AR5web som skal gjere det enklare å oppdatere AR5 for dei som ikkje har tilgang eller kompetanse til å gjere det i ordinære kartverktøy.</p> <p>Det bør følge med eit manuskart, inkludert nødvendig informasjon for metadata.</p> <p>Ajourhaldet skjer i samsvar med gjeldande FKB-AR5 produktspesifikasjon og er skildra detaljert i eigne kokebøker.</p>	<p><a href="#">Webbasert ajourhald</a></p> <p><a href="#">AR5</a> <a href="#">Klassifasjonssystem</a> <a href="#">Klassifisering av inmarksbeite</a>, sjå til venstre på sida for AR5 feltkurs.</p> <p><a href="#">Kokebøker og materiell for kontinuerleg ajourhald</a></p>
---	------------------	--	--